

# ÅRSMELDING

## 2020



**DEN NORSKE KYRKJA**

Askvoll sokn

## **1 .0 INNLEIING OG GENERELT**

### ***Covid-19***

Etter nedstenging og restriksjonar frå 12. mars 2020 som følgje av koronapandemien, har vi vore gjennom eit svært spesielt og dels krevjande år for verksemda.

I periodar har vi hatt forsamlingsforbod, og det har elles vore restriksjonar i høve antallsbegrensning og avstandskrav i kyrkjene våre.

For å gjennomføre samlingar i kyrkjene har vi måtta drive opplæring i smittevern for dei medverkande, og det har kravd ein del ressursar å administrere konsekvensar av antallsbegrensningar ved arrangement, gjennomføre ekstra reinhald mellom arrangement og ikkje minst setje opp alternative arrangement pga. forsamlingsrestriksjonar. Dette har vore digitale satsingar med gudstenester og andaktar sendt over nettet, open kyrkje for få deltakarar av gangen og andre spesialtilpassa samlingar.

Store delar av året har kyrkjekontoret vore stengt for publikum og talet fysiske møte har vore kraftig redusert, både kva gjeld rådsmøte, personalmøte og kurs og konferansar.

Særs utfordrande har det vore å skulle forhalde seg for restriksjonar som gjeld «inntil vidare». Dette har gjort det umogeleg å planlegge lang tid i forkant, og ein har heile tida gjort planlegginga med fleire atterhald.

### ***Personale***

Det har vore ein god del endringar i personalsituasjonen i løpet av 2020.

Organisten Malgorzata Anna Tveit gjekk ut i permisjon i august, og vi fekk frå same tid inn Nikolai Sudenko som vikar i stillinga.

Vi har også i 2020 lukkast med tilsetjing i kyrkjelydspedagogstillinga som hadde vore vakant i om lag tre år. Guri Høstaker Nordheim tok til i denne stillinga i månadsskiftet august/september, i første omgang i 80% då delar av stillinga er ei prosjektstilling for eitt år.

Kyrkjesekretær Marit Veberg Ask slutta i stillinga etter utgangen av desember. Ny kyrkjesekretær frå 1. desember er Hildegunn Helleset.

Ingvild Loftheim slutta etter juni månad då prosjektstillinga i kyrkjegardsadministrasjonen utgjekk.

### ***Økonomi***

Soknet hadde eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr 0,- i drifta. Kr 8.435,- er avsett til disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapan for 2019 går i balanse, etter at det er avsett kr 1.156.737,- til bunde og ubunde kapitalfond.

### ***Investeringsprosjekt***

Det har vore eit lågt investeringsnivå i 2020 i likheit med føregåande år, og lågare enn opphavleg planlagt ved budsjettvedtaket. Samla investeringskostnad utanom avsetningar utgjer kr 658.475,- i 2020. Hovudårsaker til desse låge investeringane er at ein ikkje har hatt tilfredsstillande gjennomføringsrad i planlagte prosjekt.

### ***Gravplassforvaltning***

Arbeidet med opprydding i gravregisteret, herunder kartlegging av festarar og gravansvarlege og reetablering av tidlegare utløpte festeavtalar, heldt fram gjennom året. I løpet av året var det 105 utfakturerte og betalte festetilbod og totalt 51 gamle graver vart sletta i løpet av året.

## 2.0 ORGANISASJON

---

### 2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nærme det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplastyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

#### **Valde medlemmer**

Jostein Gryte (leiar)  
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)  
Lillian Oddekalv Gjervik  
Arnt Johny Langeland  
Jarle Magnus Vilnes  
Bjørn Arne Mjåseth  
Ole Kistrup Vilnes  
Terje Mork  
Karen Anny Espedal  
Solfrid Løvik Hellevang  
1. vara Eva Iren Landøy (flytta frå kommunen i haust og gjekk derfor ut av rådet – varamedlemmer nedanfor rykka då opp ein plass)  
2. vara Stine Solheim Rørvik  
3. vara Ingvild Loftheim  
4. vara Kari Larsen Stang  
5. vara Stian Lykkebø

#### **Kommunen sin representant**

Kristin Yndestad Rivedal  
Aud Kari Steinsland (personleg vara)

#### **Geistleg representant**

Kjell Olav Høstaker Nordheim  
Knut-Magne Nesse (personleg vara)

#### **Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda**

Rune Ziener

## 2.2 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2020 var det 10 soknerådsmøte, og det vart handsama 63 saker (både sokneråds- og fellesrådssaker i møta).

Soknemøte/årsmøte vart ikkje avhelde pga. Covid-19.

## 2.3 Utval og komitéar

### Administrasjonsutval

Jostein Gryte (leiar) med Kristin Rivedal Yndestad som varamedlem  
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem  
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette  
Rune Ziener

### Forhandlingsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Kristin Rivedal Yndestad som varamedlem  
Jostein Gryte (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem  
Rune Ziener

### Arbeidsutval

Jostein Gryte (leiar)  
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)  
Kjell Olav Høstaker Nordheim  
Rune Ziener

### Kyrkjelydsutval

| Askvoll            | Vilnes                   | Holmedal          |
|--------------------|--------------------------|-------------------|
| Ingvild Loftheim   | Lillian Oddekalv Gjervik | Terje Mork        |
| Aud Eldrid Frøholm | Gunn Elin Sætre          | Kari Berit Ness   |
| Oddgeir Askevold   | Esther Hugøy             | Jorunn Bull       |
| Dagny Søvig        | Oddgunn K. Grane         | Maren Linnea Mork |
| Arne Tjugum        |                          | Karen Espedal     |
| Liv Hushagen       |                          | Ellen Marie Tveit |

| Kvammen            | Bulandet             |
|--------------------|----------------------|
| Marit Leknes Gryte | Arne Fedøy           |
| Torbjørn Øglænd    | Tone Nybø            |
| Sigrid Lunde       | Kathrin Sunde Rogne  |
|                    | Magnar Hillersøy     |
|                    | Synnøve Melvær       |
|                    | Marit Veim Thistel   |
|                    | Målfrid Hittun Fedøy |

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

### Trusoppføringsutval (frå hausten 2020)

|                      |
|----------------------|
| Arnt Johny Langeland |
| Sigrid Lunde         |
| Stine Solheim Rørvik |
| Karen Anny Espedal   |

### 3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Tilsette i soknet pr. 31.12.2020

| Funksjon                          | Årsverk<br>2020 | Årsverk<br>2019 | Årsverk<br>2018 | Årsverk<br>2017 | Årsverk<br>2016 |
|-----------------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Kyrkjeleg administrasjon          | 1,5             | 1,8             | 1,8             | 1,8             | 1,7             |
| Kyrkjer                           | 0,7             | 0,7             | 0,7             | 0,7             | 1               |
| Gravplassar                       | 0,7             | 0,7             | 0,7             | 0,7             | 0,7             |
| Anna kyrkjeleg verksemd           | 0,8             | 0               | 0               | 0               | 0,5             |
| Sum fastlønn                      | <u>3,7</u>      | <u>3,2</u>      | <u>3,2</u>      | <u>3,2</u>      | <u>3,9</u>      |
| Timetilsette                      | Ca 1,0          | Ca 0,55         | Ca 0,55         | Ca 0,55         | Ca 0,55         |
| Sum årsverk inkl.<br>timetilsette | <u>4,7</u>      | <u>3,75</u>     | <u>3,75</u>     | <u>3,75</u>     | <u>4,45</u>     |

Kyrjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle heradsheimen), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

HMT-rapport 2020 (2019-tal i parentes)

| HMT-årsrapport                             | Kartlagt/avdekka avvik | Lukking/plan for lukking av avvik |
|--|------------------------|-----------------------------------|
| Sjukefråver relatert til arbeidsmiljøet    | 0                      | -                                 |
| Avviksmeldingar                            | 0                      | -                                 |
| Skademeldingar                             | 0                      | -                                 |
| Vernerunderapport                          | -                      | -                                 |
| Tilstandsrapport – psykososial kartlegging | -                      | -                                 |
| <b>Sjukefråversprosent</b>                 |                        | 10,66 (4,8)                       |

Merknad til HMT-rapporten: I 2020 har ein ikkje klart å følge opp gjeldande HMT-plan for verksemda.

## 4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

### 4.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

#### 4.1.1 Gudstenester

| Kyrkje/kapell | Tal gudste |      |      |      |       | Tal deltakarar |      |      |      |       | Tal deltakarar pr. gudsteneste |      |      |      |       |
|---------------|------------|------|------|------|-------|----------------|------|------|------|-------|--------------------------------|------|------|------|-------|
|               | 2020       | 2019 | 2018 | 2017 | snitt | 2020           | 2019 | 2018 | 2017 | snitt | 2020                           | 2019 | 2018 | 2017 | snitt |
| Askvoll       | 28         | 22   | 21   | 23   | 24    | 1255           | 1672 | 1712 | 1782 | 1605  | 45                             | 80   | 82   | 77   | 71    |
| Vilnes        | 13         | 14   | 11   | 14   | 13    | 393            | 738  | 623  | 624  | 595   | 30                             | 67   | 57   | 45   | 50    |
| Holmedal      | 13         | 15   | 14   | 14   | 14    | 427            | 915  | 700  | 627  | 667   | 33                             | 65   | 50   | 45   | 48    |
| Kvammen       | 16         | 12   | 11   | 7    | 12    | 439            | 737  | 743  | 401  | 580   | 27                             | 67   | 68   | 57   | 55    |
| Stongfj       | 1          | 2    | 1    | 4    | 2     | 18             | 75   | 40   | 117  | 62,5  | 18                             | 75   | 40   | 29   | 41    |
| Værlande      | 0          | 0    | 1    | 0    | 0     | 0              | 0    | 149  | 0    | 37    | NA                             | NA   | 149  | NA   | 149   |
| Bulandet      | 12         | 11   | 12   | 12   | 12    | 412            | 723  | 580  | 723  | 610   | 34                             | 60   | 48   | 60   | 51    |
| Sum/snitt     | 83         | 76   | 71   | 74   | 76    | 2944           | 4860 | 4547 | 4274 | 4156  | 31                             | 69   | 70   | 52   | 66    |

Inkludert i tal gudstenester er nattverdsgudstenester, familiegudstenester (inkludert julaftan), skule- og barnehagegudstenester, og ikkje forordna gudstenester.

Det var 16 messefall i 2020.

#### Skulegudstenester:

I Askvoll og Kvammen var det heile 9 skulegudstenester (pga. antallsbegrensning pr. samling) med til saman 302 deltakarar.

#### Andakter/nattverdsgudstenester på Askvollheimen:

Det har vore 17 andakter (2 med nattverd) på Askvollheimen med totalt 230 (med 34 til nattverd) til stades. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

#### Nattverdsgjester (i gudstenestene):

|              | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | snitt |
|--------------|------|------|------|------|-------|
| Askvoll      | 104  | 294  | 262  | 308  | 242   |
| Vilnes       | 22   | 108  | 59   | 94   | 71    |
| Holmedal     | 79   | 140  | 145  | 221  | 146   |
| Kvammen      | 59   | 82   | 108  | 102  | 88    |
| Stongfjorder | 0    | 0    | 0    | 16   | 4     |
| Værlandet    | 0    | 0    | 0    | 0    | 0     |
| Bulandet     | 90   | 247  | 201  | 252  | 198   |
| Snitt pr. år | 354  | 871  | 775  | 993  | 748   |

### 4.1.2 Kyrkjelege handlingar

| Kyrkje/kapell | Døypete |      |      |      |       | Konfirmerte |      |      |      |       |
|---------------|---------|------|------|------|-------|-------------|------|------|------|-------|
|               | 2020    | 2019 | 2018 | 2017 | snitt | 2020        | 2019 | 2018 | 2017 | snitt |
| Askvoll       | 6       | 9    | 15   | 9    | 10    | 5           | 5    | 5    | 12   | 7     |
| Vilnes        | 4       | 4    | 4    | 2    | 4     | 8           | 5    | 5    | 10   | 7     |
| Holmedal      | 2       | 10   | 3    | 5    | 5     | 5           | 4    | 4    | 7    | 5     |
| Kvammen       | 3       | 4    | 4    | 1    | 3     | 3           | 6    | 4    | 1    | 4     |
| Stongfjorden  | 0       | 1    | 0    | 2    | 1     | 1           | 3    | 1    | 0    | 1     |
| Værlandet     | 0       | 0    | 0    | 2    | 1     | 0           | 0    | 5    | 0    | 1     |
| Bulandet      | 1       | 6    | 3    | 2    | 3     | 7           | 2    | 4    | 7    | 5     |
| Sum           | 16      | 34   | 29   | 23   | 26    | 29          | 25   | 28   | 37   | 30    |

| Kyrkje/kapell | Vigde |      |      |      |       | Gravlagde* |      |      |      |       |
|---------------|-------|------|------|------|-------|------------|------|------|------|-------|
|               | 2020  | 2019 | 2018 | 2017 | snitt | 2020       | 2019 | 2018 | 2017 | snitt |
| Askvoll       | 0     | 4    | 1    | 4    | 2     | 13         | 10   | 20   | 17   | 15    |
| Vilnes        | 1     | 1    | 1    | 0    | 1     | 5          | 6    | 7    | 3    | 5     |
| Holmedal      | 0     | 1    | 1    | 1    | 1     | 5          | 8    | 10   | 10   | 8     |
| Kvammen       | 2     | 0    | 0    | 1    | 1     | 5          | 2    | 4    | 7    | 5     |
| Stongfjorden  | 0     | 0    | 0    | 0    | 0     | 4          | 3    | 2    | 6    | 4     |
| Værlandet     | 0     | 0    | 0    | 0    | 0     | 3          | 1    | 1    | 0    | 1     |
| Bulandet      | 1     | 0    | 1    | 0    | 1     | 1          | 2    | 6    | 3    | 3     |
| Sum           | 4     | 6    | 4    | 6    | 5     | 36         | 32   | 50   | 46   | 41    |

### 4.2 Trusopplæring

#### Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2020

(Tala her avviker noko frå oversikten i nøkkeltal for verksemda over, då ein i trusopplæringa rapporterer med annan periodisering enn i årsstatistikken).

| Alder   | Namn på tiltak        | Tal samvær | Omfang i timar |
|---------|-----------------------|------------|----------------|
| 0 - 1   | Dåpsfase              | 2          | 3              |
| 2       | 2-årssamling          | 1          | 2              |
| 4       | Utdeling av 4-års bok | 1          | 2              |
| 6       | Utdeling av 6-års bok | 1          | 2              |
| 3-6     | Kirkerotteteater      | 1          | 1              |
| 14 - 15 | Konfirmasjon          | 21         | 60             |
| Total   |                       | 27         | 70             |

Oversikt over tal deltakarar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)

| Tiltak           | Tal deltakarar | Deltaking prosent | Tal i målgruppa |
|------------------|----------------|-------------------|-----------------|
| Dåp              | 10             | 111%              | 9               |
| 2-årssamling*    | 21             | 100%              | 21              |
| 4-årsbok         | 18             | 69%               | 26              |
| 6-årsbok         | 21             | 72%               | 29              |
| Kirkerotteteater | 35             | 33%               | 106             |
| Konfirmasjon     | 32             | 107%              | 30              |
| Total            | 137            | 62%               | 221             |

\*2-årssamlinga vart ikkje gjennomført som fysisk samling, men 2-årsbok vart sendt ut i posten.

### 4.3 Kyrkjemusikk

Soknet arrangerte 1 kyrkjekonsert i eigen regi i 2020. Totalt frammøtte for denne var 33 besøkande. Utanom dette vart det arrangert 1 kyrkjekonsert ved ekstern arrangør utan besøkande, då denne vart strømma på nett.

### 4.4 Diakoni

Framleis har ein ikkje fått etablert eit diakoniuval i soknet, og ein har heller ikkje nokon vedteke diakoniplan.

### 4.5 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 11.367,- fordelt på 8 gudstenester.

### 4.6 Profilerings og kommunikasjon

#### Kyrkjeblad

I 2020 fekk ein berre gitt ut éitt nummer av kyrkjebladet for Askvoll (altså to færre enn målet) pga. koronasituasjonen.

I tillegg vart det gitt ut ein enkel faldar sommaren 2020 med «Nytt frå kyrkja».

Finansiering av trykkinga skjer ved frivillig bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2020 hadde ein eit underskot på kr 19.838,- for kyrkjebladet, og dette er dekkja inn med bruk av resterande midlar i bunde fond for kyrkjebladet, samt kr 2.526,- frå fondet for generelt kyrkjelydsarbeid.

#### Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert egne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon om soknet si verksemd.

#### Facebookprofil

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenkjer til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 545 følgjarar (pr. mars 2021), opp frå 455 tilhengjarar året før.



## 5.0 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

---

### 5.1 Investeringar

| Avslutta prosjekt 2020                                | Pågåande/ikkje-avslutta prosjekt 2020 | Planlagde, men ikkje igangsette prosjekt 2020   |
|---|---------------------------------------|---|
| Forprosjekt – kyrkjetaket i Askvoll                   | Tilbygg/brannsikring Vilnes kyrkje    | Parkeringsplass, Vilnes kyrkje  |
| Ringeanlegg og automatisk lukeopning i Askvoll kyrkje | Klimaskalsikring Vilnes kyrkje        | Ny driftsbygning Askvoll kyrkjegard (prosjektet vart vedteke utsett som følge av omdisponering av investeringsmidlar) |

#### *Tilbygg ved Vilnes kyrkje og automatisk slokkeanlegg*

Planleggingsarbeidet for nytt tilbygg ved Vilnes kyrkje og automatisk slokkeanlegg har gått føre seg heile året 2020.

#### *Klimaskalsikring Vilnes kyrkje*

Prosjektet var tenkt gjennomført i 2020, då ein både har prosjekttilskot frå Riksantikvaren og godkjenning på ombygginga. Godkjenninga låg imidlertid føre så seint at det ikkje var tilrådeleg å setje i gang, då haust- og vinterver vil medføre risiko i byggearbeidet.

Prosjektet vart utsett til våren 2021.

#### *Driftsbygning Askvoll kyrkjegard*

Kommunale midlar til dette prosjektet vart i løpet av 2020 omsøkt omdisponert til prosjekta på Vilnes kyrkje, då desse viste seg å vere dyrare enn rekna med.

Prosjektet med ny driftsbygning på Askvoll kyrkjegard er dermed utsett.

#### *Parkeringsplass ved Vilnes*

Her har ein arbeidd vidare for å finne ei løysing som kan godkjennast av Riksantikvaren og fylkeskommunen, samt sikre råderett til høveleg grunn. Ein har heller ikkje lukkast med dette i 2020 eller hatt kostnader til prosjektet.

## *5.2 Vedlikehold, inventar og utstyr (tiltak i VU-plan)*

### *Askvoll kyrkje*

- Reparasjon av platting og kyrkjetrapp.
- Ferdig restaurasjon av dei gamle lysekrunene.
- Reparasjon av dei gamle sølvkannene.

### *Askvoll kyrkjegard*

GPS-innmåling og nedsetting av nye fastmerke på utvida del av kyrkjegarden.

### *Vilnes kyrkjegard*

Ekstra vedlikehold på grøntarealet (beskjæring)

### *Stongfjorden kapell*

Vedlikehold på dører m.v.

### *Ikkje realiserte tiltak i VU-plan 2020*

- Fjerning og destruksjon av gamle gravminne
- Nye gudstenestebøker


## 6.0 ØKONOMI

### 6.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2020 eit meir-/mindreforbruk på kr 0,- etter avsetning kr 8.435,- til disposisjonsfond.

#### Nøkkeltal

|                              | Rekneskap 2020 | Rev. budsjett | Rekneskap 2019 |
|------------------------------|----------------|---------------|----------------|
| Driftsinntekter              | 4641618        | 4668000       | 5671214        |
| Driftsutgifter               | 4685990        | 4741000       | 4733080        |
| Brutto driftsresultat        | <u>-44372</u>  | <u>-73000</u> | <u>938134</u>  |
| Netto finansinntekter        | 460            | 0             | 1115           |
| Netto driftsresultat         | <u>-43912</u>  | <u>-73000</u> | <u>939249</u>  |
| Bruk av avsetninger          | 100438         | 208000        | 174655         |
| Avsetninger                  | 56526          | 135000        | 1128902        |
| Rekneskapsmessig meirforbruk | <u>0</u>       | <u>0</u>      | <u>-14998</u>  |



#### Generell kommentar til rekneskapen:


Samla driftsinntekter i 2020 er kr 1.029.596,- lågare enn i 2019. Hovudårsaker til nedgangen er:

- Betydelege reduksjon i gåveinntekter med kr 966.050,- samanlikna med året før
- Tilskotet til trusopplæring var kr 66.890,- lågare enn året før, som følgje av nedtrekk p.g.a. vakanse i pedagogstillinga
- Ikkje tilskot til kyrkjevalet, som utgjorde kr 51.325,- i 2019

Samla driftsutgifter er ned kr 47.090,- frå 2019.


Her var reduksjon kr 93.301,- til kjøp av varer og tenester, men auka lønnsutgifter med kr 101.184,-.

Reduksjon med kr 60.365,- i tilskot og g aver til andre. Berre overf ring av ofringar til andre utgjer ein reduksjon p  kr 58.965,- (n r 55%).




#### Pensjonsutgifter

Premien som er belasta i 2020 var kr 56.053,- l gare enn i 2019 og overf ring fr  premiefondet var kr 10.392,- l gare. Inkludert overf ringar fr  fondet var pensjonskostnaden kr 311.824,-.



## **Festeavgifter**

Inntekt for festeavgifter var kr 109.125,- og kr 42.375,- høgare i rekneskapsåret 2020 enn i 2019. Dette som ein direkte konsekvens av eit høgre tal festeutløp samanlikna med 2019.



### **Kommentar til kvar teneste**

#### **04100 – Kyrkjeleg administrasjon**

Her var eit mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 72.855,-. Her var mindreforbruk ift. budsjettet til lønn og sosiale utgifter på kr 83.800,-

#### **04200 – Kyrkjer**

Avvik på tenesta med eit meirforbruk på kr 88,874,-.

Største avvika her er kr 25.403,- meir brukt på lønn og sosiale utgifter og kr 39.136,- på kjøp av materiell og tenester. Også utgift til forsikring, gebyr og avgifter, samt kjøp av inventar og utstyr låg omtrent kr 54.000,- over budsjettet.

Til vedlikehald og reparasjonar er brukt kr 21.278,- mindre enn budsjettet.

#### **04300 – Gravplassar**

Samla mindreforbruk på tenesta er kr 15.987,-.

For utgifter til graving er brukt kr 24.268,- meir enn budsjettet.

Det er brukt 15.121,- mindre enn budsjettet til vedlikehald og inntekt for festeavgift låg kr 21.125,- over budsjettet.

#### **04400 – Anna kyrkjeleg verksemd**

Tenesta gjekk om lag i balanse med kr 2.686,- i mindreforbruk, som er sett i bunde fond for kyrkjelydsarbeid for å saldere tenesta.

#### **04420 – Trusopplæring**

Teneste gjekk i balanse etter bruk av bunde fond til trusopplæring kr 68.135,-.

Dette var kr 112.865,- mindre enn budsjettet. Det er brukt kr 64.096,- mindre til materiell, andre utgifter og transport enn budsjettet som følgje av redusert aktivitet pga. Covid 19.

Det var også budsjettet med kr 59.000,- i avsetning til trusopplæringsfondet ved årets begynnelse.

Dette er ikkje gjort, då vi har fått tilsett pedagog, som vil påverke resultatet.

### 04479 – Kyrkjeblad

I 2020 gjekk kyrkjebladet med eit betydeleg underskot. Underskotet, kr 19.838,- er dekkja inn med bruk av bunde fond for kyrkjeblad og bunde fond for kyrkjelydsarbeid. Det var ein vesentleg nedgang i bladpengar og annonseinntekter samanlikna med 2019, då ein berre hadde eitt nummer utgitt i 2020, utan at giro til bladpengar var lagt ved.

### 6.2 Investeringsrekneskapan

Samanlikna med tidlegare år har ein i 2020 som i 2019 hatt lite investeringar.

Samla investeringar soknet i 2020 var kr 1.815.212,-, der kr 646.415,- av desse var i anleggsmiddel og resterande kr 1.168.797,- var eigenkapitalinnskot/avsetning.


Finansieringa av dette fordelast slik:

|   |                       |
|---|-----------------------|
| Refusjonar (meirverdiavgiftskompensasjon) | Kr 123.152,-          |
| Tilskot frå Askvoll kommune               | Kr 1.680.000,-        |
| Bruk av avsetningar                       | Kr 12.060,-           |
| <i>Sum finansiering</i>                   | <i>Kr 1.815.212,-</i> |



Diagrammet nedanfor viser investeringane tre siste åra fordelt på prosjekt. Tala er inkludert meirverdiavgift.


## Investeringar 2018-2020



### 6.3 Balanserekneskapen


|                                      | 2020             | 2019             | Endring          |
|--------------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Bunde fond driftsfond                | 1 967 953        | 2 035 299        | -67 346          |
| Disposisjonsfond                     | 10 349           | 1 914            | 8 435            |
| Ubunde investeringsfond              | 1 183 686        | 288 694          | 894 992          |
| Bunde investeringsfond               | 249 686          | 0                | 249 686          |
| Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk | 0                | -14 998          | 14 998           |
| <b>Total</b>                         | <b>3 411 674</b> | <b>2 310 909</b> | <b>1 100 765</b> |

Gjennom rekneskapsåret 2020 har det vore ein auke i summen av fondsmidlar og meir-/mindreforbruk på kr 1 100 765,- som i all hovudsak skuldast ikkje fullførte investeringsprosjekt.






## Bunde fond (sokneråd) pr. 31.12.



## Bunde fond (fellesrådsmidler) pr. 31.12.



## 7.0 FRAMBLIKK 2021-

---

- **Verksemnda generelt**
  - *handtere koronapandemien sine kommande utfordringar for kyrkja*
  - *sikre rekruttering i vakante stillingar*
- **Kyrkje og gudstenesteliv**
  - *arbeide målretta for å fylle kyrkjene (t.d. med «Kyrkjedagane»)*
  - *arbeide for eit rikt og variert gudstenesteliv og øvrig kyrkjeliv*
- **Trusopplæring**
  - *vedta revidert trusopplæringsplanen*
  - *iverksetje fleire av tiltaka i revidert plan*
- **Gjennomføringsevne for vedlikehalds- og investeringsprosjekt**
  - *auke gjennomføringsgrad og -hastighet*
- **Styrkje det strategiske arbeidet**
  - *visjonsformuleringar og målstyring*
  - *fokus på planarbeid, særleg for diakoni og kyrkjemusikk*
- **Gravplassforvaltning**
  - *komme ajour med festeavtalar*
  - *finne løysingar for betre gravplassvedlikehald*
- **Tilsette og HMT-arbeid for verksemnda og arbeidsmiljø**
  - *implementere HMT-systemet*
  - *gjennomgang av stillingsinstruksar*
  - *satse på kompetanse- og personalutvikling*

19.03.2021

Rune Ziener